

## Notat

**Frå:** Nærings- og kulturavdelinga**Til:** Fylkesrådmannen

## Vurdering av søknad - utvikling og etablering av kunnskapssenter for skred

### 1. Bakgrunn for notatet

#### Bakgrunn:

Bratt Moro AS søker om eit tilskot frå fylkeskommunen på 2,25 mill. kr. til utvikling av eit nytt kunnskapssenter for skred i Hodlekve skisenter i Sogndal kommune. Kunnskapssenteret skal formidle kunnskap om trygg ferdsel i bratt vinterlandskap til både tilreisande og fastbuande. Det er planlagt at den nyoppførte Dalalåven skal huse senteret.

Hodlekve skisenter med tilhøyrande hyttefelt har vorte utvikla mykje dei siste åra, og samtidig har Sogndal etablert seg som eitt av dei viktigaste stadane for bratt friluftsliv. Mykje av dette kan knytast opp mot utviklinga til Fjellsportfestivalen som årleg tiltrekkjer seg mange tilreisande. Vinteren 2019 vart Dalalåven opna, og det er eitt stort fleirbruksbygg i den nyaste delen av skisenteret. Bygget huser i dag sportsbutikk, skiutleige og sal av heiskort. Det er på sikt planlagt kafe og kontorlokale i tillegg til det omsøkte skredsenteret.

#### Retningslinjer for næringsretta satsingar

Hovudutval for næring og kultur har vedteke retningslinjer for verkemiddelbruk for næringsutvikling. Dei seier mellom anna at: *Tiltaka skal vere i tråd med strategiske planar og bidra til måloppnåing innan satsingsområda, og i hovudsak gå til mjuk infrastruktur som til utviklingsarbeid, kompetanseheving og marknadsarbeid. Unntaket er m.a. midlar til destinasjonsselskapa (stiar, skilting m.m.) og breibandutbygging.*

### 2. Nærare omtale av søknaden

#### Om skredsenteret

Sogndal Skisenter Hodlekve ligg sentralt plassert i Sogndal kommune om lag 15 min frå Sogndal Sentrum. Skisenteret har dei siste åra fått stor merksemd for den gode lausnøkjøringa og god tilgang på toppurdestinasjonar.

Sogndal kommune har, som ein av eit fåtal kommunar i Sogn og Fjordane, opplevd folketalsauke dei siste åra. Fleire argumenterer for at kombinasjonen av aukande interessa for bratt friluftsliv i befolkninga, naturen i indre Sogn og dei sterke miljøa som er etablert her, skal ha mykje av æra for det.

I 2008 vart Fjellsportfestivalen starta og har no etablert seg som ein av dei største festivalane innanfor sitt område. Heilt frå starten har formidling av kunnskap knytt til skred og sikker ferdsel i fjellet vore satt på agendaen, og ein har hatt stor suksess med arrangement knytt til formidling av denne kunnskapen. Dette viser at det både er interesse og behov for formidling av skredkunnskap.

Vinteren 2019 vart Dalalåven ferdigstilt, bygget er lokalisert i den nyaste delen av skisenteret (Rindabotn) og skal innhalde mellom anna sportsbutikk, sal av heiskort, skiutleige, kontor, kafe. I andre etasje av bygget planlegg ein å få på plass eitt skredsenter. Målet med senteret er å formidle kunnskap til alle som er interessert i ferdsel i bratt vinterterreng, med særleg fokus på formidling til unge. Ein vil og at senteret skal fungere som knytepunkt for bedrifter som tilbyr gaiding og opplevingar i området. Dei skriv at dei og vil knytte seg tett opp mot NVE og det arbeidet som er gjort med å utvikle skredtenesten regobs. Å lære bort korleis ein skal leggje inn observasjonar i regobs vil vere eit viktig oppdrag for senteret. Dette vil gjere skredvarslinga sikrere.

I skredsenteret planlegg dei både digitale og fysiske installasjonar. Desse skal kunne simulere skiftande vêrforhold, ulike typar snødekke og terrengformasjonar som påverkar skredfaren. Det er planar om å motorisere låvebrua som leder opp mot senteret for å kunne demonstrere kor bratt terrenget er når skredfaren er størst. Ein vil og fokusere på det menneskelege aspektet om korleis ein vurderer risiko og tek val når ein ferdast i skredterreng.

Resultatet av å etablere eit slikt senter meiner dei er styrka bulyst, auka attraksjonsverdi og auka trygghet for dei som ferdast i fjellet.

#### Kostnadar og finansiering

Nedanfor presenterast den omsøkte kostnadsplanen samt finansieringa. Arbeidet er tenkt sett i gang i løpet av andre halvår 2019 og ein har som mål om å opne utstillinga vinteren 2020.

##### **Kostnadsplan**

<b>Tittel</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>SUM</b>
Innreiing lokale og låvebru	1 450 000					1 450 000
Konsulenttenester	850 000					850 000
Marknadsføring	500 000					500 000
Næringsretta infrastrukturtiltak	1 500 000					1 500 000
Utvikling av utstillinga	1 800 000					1 800 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>6 100 000</b>					<b>6 100 000</b>

##### **Finansieringsplan**

<b>Tittel</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>SUM</b>
Bratt moro AS	850 000					850 000
NVE	500 000					500 000
Sogndal kommune	1 500 000					1 500 000
Sparebanken Vest	1 000 000					1 000 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	2 250 000					2 250 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>6 100 000</b>					<b>6 100 000</b>

### **3. Vurdering**

Søkar argumenterer for at eit kompetansesenter for skred vil kunne ha ein positiv effekt for både reiselivet og bustadattraktiviteten i Sogndal kommune. Vi ser at eit slikt senter kan vere eit positivt tilskot for dei som allereie besøker området.

Vi meiner at det er ein fordel at senteret er planlagt i eit område kor det allereie finst mykje god kompetanse på området som ein vil kunne dra nytte av. Det er også ein fordel at ein har knytt til seg sentrale aktørar innanfor området, for på den måten å sikre eitt fagleg oppdatert tilbod.

Initiativtakarane har tidligare demonstert god gjennomføringsevne og stort engasjement for temaet og vi er ikkje i tvil om at ein ville kunne gjennomført prosjektet på ein god måte. Vi saknar likevel ein god forretningsplan og vurderingar kring organisering og drift av senteret. Det er mellom anna ikkje opplyst om kva ein ser føre seg av besøkstal. Dette bør greiast ut betre frå søkar si side.

Tiltaket kan sjåast opp mot fleire av fylkeskommunen sine satsingar. Søkjer knyter senteret mellom anna opp mot reiselivssatsinga i verdiskapingsplanen, men det vil og kunne sjåast i samanheng med fylkeskommunen si satsing innanfor både klima og friluftsliv. Innanfor desse områda er rammene til hovudutval for næring og kultur for 2019 i stor grad er bunde opp i løypande avtaler og allereie disponert.

For at ein skal kunne løyve midlar til eit prosjekt må det kunne vise til regional effekt innanfor dei vedtekne satsingane til sektoren og det må og vere innanfor dei krav som stillast til bruken av midlane. Vi er i tvil om tiltaket vil ha tilstrekkeleg effekt innanfor dei vedtekne satsingsområda.

Søknaden konkluderer ikkje på val av organisasjonsform for senteret. Om ein vel å organisere senteret som eit aksjeselskap med økonomisk aktivitet som føremål, må ein vurdere om offentlege bidrag kjem innanfor statsstøtteregelverket.